



NHB Bolig Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2963 - 16/23319

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Godkjenning- Søknad om endring av gitt tillatelse for tiltak på GBNR 23/325

Administrativt vedtak. Saknr: 423/2016

Tiltakshavar: Stian Korneliussen
Ansvarleg søker: NHB Bustad Vest AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

I søknad journalført motteke 30.11.2016 har NHB Bustad Vest AS på vegne av tiltakshavar Stian Korneliussen søkt om løyve etter Pbl §§ 20-1 og 20-3 om endring av gitt løyve dagsett 22.4.2016 for oppføring av påbygg til einebustad (DNT- sak 106/2016) på gbnr 23/325 i Meland kommune. Endringa gjeld fasadeendringar, og utviding av veranda på 6,9 m².

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 30.11.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Det ligg føre samtykke frå eigar av gbnr 23/330. Dei andre naboane vil ikkje verta berørt av tiltaket. Administrasjonen finn nabovarslinga som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Utforming, planløysning, funksjon og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløysning og utsjånad, og vert elles vurdert til å vera i samsvar med krava til utforming og visuelle kvalitetar i pbl §§ 29-1 og 29-2, jf. teikningar journalført motteke 30.11.2016.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 og 20-3 løyve til endring av tiltak godkjent i vedtak dagsett 22.4.2016 for oppføring av påbygg til ein bustad på gbnr 23/325 i Meland kommune. Endringa gjeld fasadeendringar og utviding av veranda.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsatt ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert krevd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Søknad om endring av gitt tillatelse for tiltak på GBNR 23/325
Opplysningar om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon
Teikningar

Mottakere:

NHB Bolig Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ